

**Rapport**  
**Senter for industriarkiv (SINDARK)**  
**2013-16**



## **Innhald:**

Innleiing.....	3
Organisering.....	4
SINDARK-bygget.....	4
Første innflytting.....	5
Andre mottak til SINDARK.....	6
Ordning og registrering av privatarkiv.....	7
Arkivrekvisisjoner.....	8
Presentasjonar, orienteringar og nettverk.....	9
Økonomi .....	9
Investeringar og innkjøp.....	11
SINDARK byggtknisk.....	11
Organisering av SINDARK i fast drift.....	12
Framtida for SINDARK.....	13

## **Vedlegg:**

Avtale mellom Odda kommune og NVIM om SINDARK-prosjektet av 18.02.2014

Rekneskap 2013-16

Budsjettforslag fast drift

Framsidedfoto: Eksteriør av SINDARK (Trafostasjonen) etter rehabiliteringa. Foto H. Hognerud, NVIM 2014

## Innleiing

*Heilskapleg samfunnsdokumentasjon: [Partnerane skal] samle inn og sikre arkiv som har stor kulturell, rettsleg, forsking- eller forvaltningsmessig verdi. [Dei skal og] utvikle tenlege løysingar for å bevare og formidle offentlege og private arkiv, og utvikle strategi for digital dokumentfangst.....*  
(Hordaland fylkeskommune: PREMISS: KULTUR. Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025)

*I Noreg er det i liten grad bevart arkiv etter større industriverksemder og -miljø, og det er få institusjonar som har kapasitet og kompetanse til å bevare store industriarkiv. Det er grunnlag for eit nasjonalt senter for dette, og planen går inn for lokalisering i Odda.* (Hordaland fylkeskommune: Musea i samfunnet - regional plan for museum 2011-2015)

Dei to siterte regionale planane plasserer Senter for Industriarkiv (SINDARK) i arkivlandskapet i Hordaland. Museumsplanen seier eksplisitt at SINDARK skal vera eitt av dei ti høgst prioriterte tiltaka i fylket. Samstundes er SINDARK tufta på Norsk vasskraft- og Industristadmuseum si satsing på innsamling, ordning og formidling av privatarkiv heilt frå starten i 1987 (Odda Lokalhistoriske Arkiv – OLA).

Det konkrete utgangspunktet for SINDARK er Odda smelteverk AS og smelteverksarkivet. NVIM starta sitt dokumentasjonsarbeid ved smelteverket på 1990-talet, og dette fekk auka omfang og aktualitet med konkursen i 2003. Odde kommune står som eigar av den delen av smelteverksarkivet som sto att på fabrikket etter konkursen. Eit sentralt spørsmål vart kor og korleis ein skulle ta vare på, sikra og formidla det store arkivet etter fabrikket. Det var naturleg at Odda kommune og NVIM innleidde eit samarbeid om dette arbeidet.

I 2008 var NVIM sine arkivmagasin fulle, og Odda kommune og NVIM hadde fleire synfaringar på smelteverkstomta for å finna ei plassering for det store smelteverksarkivet. I denne prosessen vart ideen om SINDARK fødd. Det vart halde eit møte med mange sentrale arkivpersonar i Bergen, og arkivar Gudmund Valderhaug vart engasjert for å skriva ei utgreiing om SINDARK. Prosjektet SINDARK vart vedteke og finansiert av Odda kommunestyre i 2012, og rehabilitering av Trafostasjonen til arkivføremål begynte seinhaustes same år. Sjølv arkivprosjektet starta opp 1. juli 2013 og Siri Jordal frå Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum vart tilsett som prosjektleiar.

I 2013 hadde Norconsult Odda fullført rehabiliteringa av Trafostasjonen til arkivføremål etter nasjonale standardar, samstundes som fasadane vart verna. 3. november 2013 vart SINDARK opna av dåverande ordførar i Odda, John Opdal.

Etter 3 års prosjektarbeid ser vi framover og søker Odda kommune om forlenging av prosjektet ut 2017. Vi tek sikte på fast drift delvis finansiert av eigeninntekter. Noko fast offentleg støtte må likevel liggja som eit fundament for drifta.

Det blir viktig å finna ei god framtidig organisering. Vi ser òg at vidare drift må opna for meir enn reine industriarkiv. Regionen Indre Hardanger har ikkje andre arkivlokale enn SINDARK. Det er og store utfordringar for bevaring av arkiv frå lag, organisasjonar og personar. Vi ser difor at ei underavdeling av SINDARK kan bli eit Hardanger-arkiv.

## Organisering av prosjektet

Oppdragsgjevar har vore Odda kommune. Prosjektansvar (PA) har NVIM hatt, ved konstituert direktør Mette Haraldsen. Siri Jordal frå NVIM har vore prosjektleiar (PL), og utleigd frå museet i ca. 60 % stilling i prosjektperioden.

Styringsgruppa har vore:

Anne Aune, fylkesarkivar i Hordaland

Else Marie Sandal/Lage Myrberget, kultursjef i Odda

Ola T. Sekse og Lars O. Seim, kommunestyrerepresentantar i Odda kommune

Halvor Johan Bådsvik og Hans Henrik Haukaas, styremedlemmer i NVIM sitt styre

18.02.2014 vart det inngått avtale om SINDARK-prosjektet mellom Odda kommune og NVIM. Avtalen er lagt ved rapporten.



Frå ordningsrommet under opninga i 2013. Foto D.E. Opedal, NVIM

## SINDARK-bygget

Eigar av bygget er Odda Energi. Odda kommune leiger lokala til arkivføremål i ein avtale som strekkjer seg til 2044. Lokala i Trafostasjonen har tre klimastyrte arkivmagasin med ca. 2500 hyllemeter. To av magasinane ligg i 2. etasje. Etasjane er bunde saman med heis. I første etasje ligg mottaksrom, kontor, møterom og ordningsrom for arbeid med arkiva. Senteret har golvvarme, og har innbrot- og brannsikring. Totalt golvareal er 353 kvm. Lokala har universell utforming, HC-toalett og tilgang utanfrå med ramper og automatisk døråpning ved bruk av nøkkelkort og kode.

## Første innflytting - arkiva etter Odda smelteverk AS og Hovland Ullvarefabrik

Rett før SINDARK opna i november 2013 starta flyttestressane av smelteverksarkivet frå diverse mellomlager i andre bygg på smelteverkstomta. Dette vart ein lang prosess med mykje planlegging på førehand. Smelteverksarkivet tok opp all plass i mottaksrommet.

Materiale i bygg 124 (Portbygg nord) inkl. teikningsarkivet vart ståande der til mai 2014. Då fekk vi melding om at bygget var selt og måtte tømmast raskt. Spesielt teikningsarkivet var ei stor utfordring å flytta utan skader. Vi var avhengige av godt vær, og særst varsemd ved flytting av dei store teikningskuffene. OddaProdukt og NVIM-personale tok seg av begge desse flyttingane.

Grovordning av smelteverksarkivet har pågått heilt til januar 2016, og alt materialet er no på plass i arkivmagasin. Det var viktig å få det vidare i systemet, for å frigje plass i mottaksrommet for nye mottak. Teikningsarkivet står framleis i mottaksrommet, då SINDARK ikkje har nok hyller for teikningar i magasin.



Smelteverksarkivet på veg inn i mottaksrommet i 2013. Fotograf H. Hognerud, NVIM

Arkiva etter L/L Hovland Ullvarefabrik vart flytta til SINDARK i desember 2013. Arbeidshyller og bord vart montert i ordningsrommet, og ordning av Hovlandsarkivet starta umiddelbart. Det vart ferdigstilt i februar 2014. Dette vart mogleg ved gjenbruk av eldre møblar, då kontormøblar og ordningsbord etc ikkje var kjøpt inn så tidleg i prosjektet.

## **Andre mottak til SINDARK**

### **Andre privatarkiv avlevert til SINDARK i prosjektperioden**

Heimevernet i Odda 1950-1960

Funksjonærklubben/Hovdenklubben 1973-2000

Fragment av «Den mercantile club» 1928

Arkivmateriale frå AUCF og NWCC 1906-24, funne i smelteverksmaterialet

AS Odda Eiendomskompani 1913-19; bygningsbeskrivelser

Avdeling 5, Odda Arbeiderforening, dicygruppa 1968-2000

Etne Meieri og Etne kommune 1953-63

Odda Hagelag

Jan R. Tokheim: Materiale etter A/S Kjøtbazaren, Knud Knudsen og Nils Tokheim

Aslaug Barland: Kristoffer Wiigs forretning i Røldalsvegen

Albert Petersson og Hustrus Minnefond 1916-?

Lederne (tidlegare Odda formannsforening)

Ola O. Hagens bokhandel

Avd. 61 – kaien på Boliden

Ein del av desse kom saman med smelteverksarkivet, og er skilt ut derfrå. For alle mottaka gjeld det å skaffa midlar til ordningsprosjekt for å registrera arkiva og gjera dei tilgjengelege. Førrebels har vi prioritert og søkt midlar til Knud Knudsen-prosjektet. Der fekk vi midlar frå Odda kommunes kulturfond, og prosjektet er i gang i SINDARK.

### **Aksesjonar/mindre tilvekst:**

Avdeling 5 – ny avlevering 2015 av fagforeningsarkiv

Diverse oppskrifter frå privatpersonar som skal tilførast Hovland Ullvarefabriks arkiv

Oppskriftssamling frå Hovland Ullvarefabrik. Samlinga har vore feilplassert ved Bevaringstenestene i Salhus, og vart tilført SINDARK i september 2016.

### **Øvrige mottak:**

SINDARK er eit spesialbygg for bevaring av arkiv. NVIM fekk våren 2016 spørsmål om vi kunne overta Odda kunstforening si Alf Jan Bauge-samling, ca. 50 innramma maleri. Kunstforeninga hadde ikkje lenger høve til å ta vare på verka. NVIM har ikkje plass til samlinga i Tyssedal, men vi valde likevel å ta ho imot til førrebels oppbevaring i SINDARK. Museet arbeider med å leggja til rette for oppbevaring i Tyssedal. Avtale om gåve til NVIM er ikkje signert førrebels, men er nedfelt i avtale mellom Odda Kunstforening og den første eigaren, Robert Hermansen. Maleria er førrebels lagra i eit tomt arkivmagasin, skilt frå dokumentarkiva.

## **Uavklarte mottak:**

Låte Møbelfabrikk – avtale om deponering eller gåve ikkje avklart.

Hausten 2015 var Brita Jordal og Siri Jordal på synfaring på Boliden. Historisk arkiv for Boliden 1924-74 står ferdig registrert og arkivert ved verksemda, og bør deponerast i SINDARK så snart som råd. Utover vinteren og våren arbeidde vi med eit breitt tilbod til Boliden om sikring og registrering av dette arkivet, men også dokumentasjon av bedrifta i dag, og ordning av nyare arkiv. Dette har førebels ikkje ført fram, men må arbeidast vidare med ved ei utviding av prosjektperioden. Ikkje minst i ljøs av at Boliden går mot 100-årsjubileum i 2024.

I mai 2016 gjekk PL, i samarbeid med direktør ved Hardanger Voss Museum, Randi Bårtvedt, i dialog med interimstyret for «Ullensvang Lagsarkiv Aust». Dei hadde teke initiativ til å samla inn og prøva å få bevart arkivet frå Handelslaget på Lofthus og lagsarkiv frå austsida av Ullensvang. Dei vart inviterte til SINDARK for omvising og møte om SINDARK kunne ha eit tilbod for desse arkiva. Vi har signert avtale om 180 hyllemeter (hm) i SINDARK fram til 2044. Dei har fått støtte frå Sparebankstiftinga Hardanger til tiltaket sitt. Dette blir til inntekt for SINDARK. Arkiva vil bli flytta til SINDARK no i oktober/november.

## **Ordning og registrering av privatarkiv**

Arkiva det har vore arbeidd med i prosjektperioden er arkiva etter L/L Hovland Ullvarefabrik, Odda smelteverk AS og Knud Knudsen. Ordningsarbeid har vore utført av prosjektleiaren, mens andre tilsette ved NVIM har bidratt med oppakking, dokumentasjon av arbeidet, skanning og sikring. Arkivarbeid er tidkrevjande. Det krev og ei viss «modning» hos den som skal ordna og registrera; ein må ta seg tid å verta kjend med historia og materialet, og forstå korleis arkiveigar har organisert materialet sitt. Det store smelteverksarkivet har sjølvstøtt krevd mest tid.

Arkiva vi har ordna er førebels registrert i Excel etter standard norsk arkivnøkkel. Registreringane skal overførast til det digitale arkivsystemet ASTA, slik at det vert tilgjengeleg på internett for søk i den nasjonale Arkivportalen. ( <http://www.arkivportalen.no> )

## **Knud Knudsen-arkivet**

SINDARK har fått ein skatt å forvalta. Jan Reidar Tokheim har deponert materiale etter fotografen og fruktdyrkaren Knud Knudsen hos NVIM. Dokumenta, i fyrste rekkje brevsamlinga vert ordna og sikra i SINDARK. Materialet består elles av eit stereokamera, diplomar for fruktdyrking og foto Knudsen tok då han vitja slekta i Iowa – foto som har vore ukjende til no. Knud Knudsen skreiv mange brev til søstera Martha, som styrde garden hans på Tokheim i Odda, og til foreldra, andre sysken og etter kvart til borna til Martha.

Frå før veit vi lite om personen Knud Knudsen. Fotoarkivet hans er godt kjent, men det finst ikkje meir enn 3-4 foto der Knudsen er avbilda. Han profilerte ikkje seg sjølv, slik mange «kjendisar» gjer i dag. I breva kjem vi tett på mennesket Knud Knudsen.



Sesongopning ved NVIM i 2016 – føredrag og framvising frå Knud Knudsen-arkivet. Arkiveigar Jan Reidar Tokheim til høgre. Foto: H. Hognerud, NVIM

I eit 150 år gammalt brev til søstra kan vi lesa om arbeidsforholda i Muren i Bergen, der han arbeidde som ung gut for farbroren:

*«...jeg maa denne Gang fatte mig i Korthed da det er meget koldt at staa og skrive her nede i Kjelderer...»*

Arbeidet med dette arkivet vil fortsetja framover hausten 2016 i samarbeid med slektningane.

## **Arkivrekvisisjonar**

Totalt har det kome 55 rekvisisjonar/etterspørslar i prosjektperioden til arkiva i SINDARK. Dei fleste gjeld smelteverksarkivet. Mange ønsker digitale kopiar av teikningar; av fabrikkbygga, vatn- og kloakksystemet eller dei tidlegare smelteverksbustadane som no er i privat eige. Tekniske spesifikasjonar av bygga er og etterspurde. Det er veldig gledeleg at vi har fått fleire spørsmål etter oppskrifter frå Hovland Ullvarefabrik, og at privatpersonar bidrog med oppskrifter arkivet ikkje hadde.



SALG: MOTEX VEVERI&P A/S - SPINNERI: L/L HOVLAND ULLVAREFABRIK

**M 119**  
VEILEDENE PRIS 75 ØRE

HEKLET HJELM OG SKJERF

Dette mønster må ikke brukes som forbilde ved tilvirkning i næring- eller salgsmåned uten tillatelse. Motex Veveri&P, Ryensringen 8, Oslo. L/L Hovland Ullvarefabrik, Espe, Hordanger

2. RAD: Hekles som på hjelmen, men slutt siste gruppe med 1 Lm., og nok 1 Lm. S n u.

3. RAD: Hekle 1 fm. i late av de 2 Lm. som fester siste gruppe på forrige rad. Dette danner en liten ringsom vi skal benytte. Hekle 4 Lm., kast, nålen ned i den lille ringen og hent opp en lang maske, kast, ned i samme ring og hent opp en lang m. Hi, kast, nålen ned i første mellomrom og hent der 3 lange m., kast, trekk igjennom alle 11 løkker på nålen, 2 Lm. X kast og en lang m., 3 ganger i samme mellomrom som sist ble brukt, kast og en lang m., 3 ganger i neste mellomrom, kast, trekk igjennom alle 13 løkker på en gang, 2 Lm. Gjenta fra X, siste gang stikkes nålen ned i bun av de 4 Lm. i beg. av forrige rad. Slutt med de vanlige 2 Lm. som fester siste gruppe, s n u.

Det er 3dje rad som gjentas videre hele tiden.

Når De skifter garnet, gjør det ved å hekle den siste av de 2 Lm. mellom gruppene med dobbelt garn, en tråd fra hvert næste. La endene henge, fest dem senere et stykke langs den v o n n r t t e maskeraden i mønstret, en tråd til hver side og med små ottersting. Klipp av.

Når skjerfet er langt nok, avsluttes slik: Snu som vanlig med 2 Lm., 1 fm. i toppen av gruppen, 4 Lm. – Kast og en lang maske, 2 ganger i ringen, kast, trekk igjennom alle løkker på nålen, 2 Lm. X kast og en lang m., 3 ganger i neste mellomrom, kast, trekk igjennom alle løkker på nålen, 2 Lm. Gjenta fra X, e n gang i hvert mellomrom, slutt med en slik enkelt gruppe i de ytterste 4 Lm. Snu med 1 Lm., X nålen ned i første mellomrom og hent en løkke av garnet, ikke trekk den lang. Nålen ned i neste mellomrom og hent en slik løkke til, kast, trekk igjennom de 3 m. på nålen. Gjenta fra X ut raden.

Snu med 1 Lm., X nålen ned i to påfølgende mellomrom (som på forrige rad) og hent en løkke av garnet, kast, trekk igjennom alle løkker, gjenta fra X ut raden. Slutt med 1 k.; i første Lm. Fest tråden i avslutningsringen.

Lag en heklet knapp – som på hjelmen – i hver ende av skjerfet. Skjerfet skal ikke dampes.

INGER-LISE FLATBY  
EVA THESSEN

Eneforhandling i Danmark  
**Sonderborg**  
GARN

**strikk med**  
**RUNE**  
**sport**

M119. Hekleoppskrift frå Hovland Ullvarefabrik. Skanna v NVIM

## Presentasjonar, orienteringar og nettverk

Det har blitt utarbeidd brosjyre om SINDARK som er distribuert til verksemder i Odda, og til interesserte personar som har vitja SINDARK. Det er og utarbeidd utkast til marknadsplan.

Prosjektleiaren har orientert om SINDARK på årsmøte i SMD (Små og mellomstore bedrifter), halde føredrag om SINDARK og vore på møte med Boliden og Odda Plast. Det har óg vore mange besøk i SINDARK, med omvising i bygget og orientering om senteret.

Prosjektleiaren har delteke på nasjonale arkivmøte og i Privatarkivnettverket i Hordaland i prosjektperioden. Dei årlege nasjonale arkivkonferansane har vore kompetansehevande, og viktige for å formidla kunnskap om SINDARK til andre som arbeider med arkiv. Dette er også viktig for å profilera SINDARK som del av det norske arkivlandskapet. På to av arkivkonferansane har prosjektleiaren halde føredrag om SINDARK. Privatarkivnettverket i Hordaland er også eit viktig miljø der ein får informasjon om korleis andre institusjonar i fylket arbeider med privatarkiv. Her møtest Hordaland fylkesarkiv, Statsarkivet i Bergen og Bergen Byarkiv med musea i fylket. Fylkesarkivar Anne Aune, som er med i styringsgruppa for SINDARK, presenterte SINDARK på det norske museumsmøtet i Molde i september 2016.

## Økonomi

Prosjektet har hatt årleg tilskot til drift frå Odda kommune på kr 800.000,- pr år. Dette har vore eit godt fundament. I tillegg har SINDARK fått 100.000,- frå Hordaland fylkeskommune i 2012 og 200.000,- frå Norsk kulturråd i 2014. Dette har gjort det mogleg å investera i kvalitetsutstyr, og å arbeida godt med prosjektet. Økonomien har likevel ikkje tillate prosjektet å ha fleire medarbeidarar til å arbeida konkret med arkivordning, noko som hadde styrkja prosjektet.

Det har vore sendt søknad til Norsk kulturråd i 2015 og til Riksarkivet i 2016, men det vart avslag på desse. Norsk kulturråd fekk også søknad på finordning av smelteverksarkivet, og til ordningsprosjekt

av L/L Hovland Ullvarefabrik saman med arkiva etter AS Kinservik, men det vart avslag på dei og. Vi har søkt om midlar til ordning av arkiva for plastindustrien i Odda i samarbeid med Odda Plast utan å få tilslag.

Det er eit tankekors at staten ikkje løyver fleire midlar til privatarkiv, og at den statlege potten vi tidlegare kunne søkja på faktisk har blitt mindre. Dei siste to åra har det berre vore ca. 5 mill. kr totalt som skal fordelast på både offentlege og privatarkivprosjekt over heile landet. Dette til tross for at det i sentrale styringsdokument vert lagt vekt på heilskapleg samfunnsdokumentasjon, og at privatarkivsektoren er sterkt underrepresentert i bevarte arkiv i Noreg. Det er blitt slik at mange museum let vera å søka, sjølv om dei har viktige arkiv som ventar på ordning. Landslaget for lokal- og privatarkiv (LLP) har arbeidd intenst for auke i privatarkivmidlar, men førebels utan å lukkast.

Statlege arkivmidlar er og blitt fordelt på to sentrale institusjonar i prosjektperioden: Riksarkivet for søknader til arkivinstitusjonar, og Kulturrådet for musea. Her fell SINDARK mellom to stolar ved å verken vera etablert arkivinstitusjon eller museum. Vi meiner det burde vera felles handsaming av alle arkivsøknader, slik at det vert like vilkår for alle søkjarar.



Opning av SINDARK i 2013. Kopibok frå Hovland Uldvarefabrik 1898. Foto D.E. Opedal, NVIM

Stortingsrepresentantane Toppe, Lundteigen, Mandt og Liadal fremma forslag om å gjenoppretta støtteordninga for privatarkiv i juni 2016 (Representantforslag 117 S). Kva som kjem ut av forslaget veit vi ikkje enno.

Privatarkiv er framleis ikkje verna i den norske arkivlova. Frå arkivsektoren har dette vore etterlyst og arbeid for sidan midten på 1980-talet. Til samanlikning har både svensk og dansk arkivlov tatt inn vern av privatarkiv.

Ved slutten av prosjektperioden har SINDARK sett fram eit tilbod til NAV Hordaland om arkivmagasin til bortsettjingsarkiv for 5 år. Dette vil skaffa midlar til vidare drift, men vil og binda opp store delar av arkivmagasin som i dag er ledig (ca. 1800 hm) og ein del personalressursar. NAV gjev svar ca. 1. oktober 2016. Sidan eit slikt arkiv er på sida av kjerneoppgåva til SINDARK, vart tilbodet i forkant klarert med ordføraren i Odda og med styreleiaren for NVIM.

## Investeringar og innkjøp til SINDARK

1. Kontormøblar, arbeidshyller og kjøkenutstyr: Det er investert i arbeidsbord, kontorpultar og kontorstolar til 3 personar. Til møterommet har ein førebels klart seg med gjenbruk av møblar frå NVIM. Arbeidshyllene i ordningsrom og mottaksrom er gjenbruk frå portbygg nord, innkjøpt til smelteverksarkivet. 2 av arbeidsborda er av typen med heve/senke-funksjon. Vanleg, enkelt kjøkenutstyr er innkjøpt; benk, oppvaskmaskin, kjøleskap og skapseksjon, samt spisebord og stolar til 6 personar.
2. IT-utstyr: Det er trådlaust nett i bygget for tilsette, og det fungerer optimalt. Besøkande til arkivet kan få tilgang til gjestenettet. Hardangernett driftar nettet, og er også IT-konsulent for SINDARK. Det har blitt kjøpt inn 1 stasjonær PC med stor skjerm og 2 skrivarar. Det manglar ein skannar for store format opp til A0, det bør eit arkivsenter ha. For skanning av store teikningar er det heilt nødvendig, og det vert arbeidd no med innhenting av prisar for utstyret.
3. Øvrig arkivutstyr: Traller for flytting av arkivboksar, stigar og rullepallar til magasina. Syrefritt materiale til oppbevaring av arkivmateriale.
4. ASTA: Det nasjonale arkivsystemet og tilgang til Arkivportalen er innkjøpt og lasta inn. Systemet gjer at ein arbeider med skybasert registrering, og det er Arkivverket som er ansvarleg for sikring av data i basen. ASTA har ikkje blitt nytta førebels, vi avventar eit oppstartskurs av ein tilsett ved Bergen Byarkiv. Kurset vil haldast i løpet av hausten 2016.

## SINDARK byggteknisk

Det har vore tre partar i samarbeidet om SINDARK. Byggeigar Odda Energi leiger ut bygget til arkivføremål til Odda kommune i ein 30-års avtale. Prosjektet har heile tida hatt god kontakt med Odda Energi, mest gjennom Knut Seim som har ansvaret for SINDARK-bygget.

Tilgangskort med innloggingskodar har: Odda Energi, Odda kommune v/teknisk avdeling, firmaet Geir Karlsen Odda og NVIM. Prosjektleiaren har ansvar og mynde over kven som skal ha tilgang. Forskarar og andre brukarar kan få tildelt tidsavgrensa kort for arbeidsplass, men utan å få tilgang til magasina.

Det har gått mykje arbeidstid med til å bli kjend med bygget og alle dei tekniske styringssystema og å følgja opp dette. Odda Energi, Odda kommune og NVIM vil at bygget skal fungera optimalt etter nasjonale standardar for arkivbevaring. Bygget er fungerer funksjonelt for arbeid med arkiv.

Det har vore ei utfordring å følgja opp klimastyringa i arkivmagasina, spesielt fordi prosjektet manglar teknisk kompetanse på dette feltet. Temperaturen skal vera stabil på 17 gr.C og lufta på 45% fuktinnhald. Tidvis var klimaet altfor tørt, ned under 20%, men etter justeringar fungerer no systemet, og temperatur og fuktinnhald held seg innanfor krava. Temperatur og fukt skal i framtida loggast kvar veke. I prosjektperioden vart det logga kvar dag.

Opplæring og retting av feil ved heis, køyring av arkivreolar og justering av dørar har også teke av arbeidstida. Vi har hatt ein del problem med tilgangskontrollen, det vart retta i mai 2016, slik at tilgangssystemet er likt som ved Odda Energi. Det vart ei god betring som gav enklare tilkomst for brukarane.

## Organisering av SINDARK i fast drift

Det finst fleire modelar for fast drift av SINDARK etter at prosjektfasen er over. I styringsgruppemøte 06.01.2015 vart fylgjande organisasjonsmodellar diskutert:

1. Fri stifting med eige styre og administrasjon.
2. Avdeling av NVIM
3. Stifting konsolidert med NVIM
4. Organisert som ein del av Odda kommune sitt arkiv

Styringsgruppa vedtok at SINDARK må vera knytt til NVIM, anten som konsolidert eining eller som avdeling av NVIM. Styringsgruppa bad NVIM greia ut ei organisasjonsform som ei samanstilling av modell 1 og 2.

Saka vart teken opp i NVIM sitt styre, sak 17/16, med innstilling frå administrasjonen om at SINDARK må vera ei avdeling av NVIM. Det vart lagt vekt på at ein ved ei slik organisering

- unngår både dei juridiske utfordringane ei konsolidering av ei ny SINDARK-stifting gjev
- unngår å oppretta ein heilt ny administrativ organisasjon knytt til SINDARK
- oppnår at SINDARK også i framtida har ein naturleg sentral plass i arbeidet ved museet.

Avdelingsleiar for SINDARK vil med denne løysinga vera ein del av museet si leiargruppe. Samtidig vil arbeidet ved SINDARK kunna konsentrerast rundt arkivarbeid, og museet vil ha lettare for å kunna forsvare og opprettholde ei prioritering av arbeidet med SINDARK.

Utfordringen ved modellen er økonomi. Å oppretta ei ny avdeling ved NVIM skaper behov for ei ny stilling som avdelingsleiar, samtidig som det ikke skal gjerast endringar i dagens avdelingsleiarstillingar. Med den innteninga SINDARK har i dag, er det ikkje rom for å gjera ei slik tilsetning på fast basis. Skal SINDARK klara å utføra dei oppgåvene som er skissert i prosjektplanane, må ei grunnfinansiering på plass knytt til denne stillinga. Denne grunnfinansieringa bør koma på plass som eit spleiselag mellom alt etablerte aktørar i SINDARK, som Odda Kommune og Hordaland fylkeskommune.

*Styret i NVIM gjorde dette vedtaket i sak 17/16 Sindark – organisasjonsform*

1. Administrasjonen får i oppdrag å avklare mogelegheit for å forlenge prosjektperioden til 31.12.2017.
2. Innan 30.9.2017 skal plan for finansiering, organisering og vidare drift vera på plass.

Terje Kollbotn (LO-repr.i styret): I sterkare grad involvera Hordaland fylkeskommune i det vidare arbeidet.



Teknisk rom under montering september 2013. Foto H. Hognerud, NVIM

## Framtida for SINDARK

Både før og under prosjektperioden har vi visst at det er utfordrande å få etablert ei sjølvgåande forretningsmessig drift i SINDARK. Frå det første møtet i Bergen var viljen og trua på prosjektet til stades. Utan Odda kommune si økonomiske støtte til prosjektet, ville det ikkje ha kome i gang. NVIM har hatt det faglege ansvaret, men har ikkje økonomi til å drifta vidare eit slikt prosjekt. På sikt bør det vera realistisk å skaffa både statlege og fylkeskommunane midlar som del av det økonomiske fundamentet for fast drift.

Dei to fyrste åra av prosjektet var fokus fullt retta på industriarkiv. Dette er utgangspunktet for prosjektet. Etterkvart har ein sett at arbeidsområdet kan og bør utvidast. Ikkje minst vart dette aktuelt då vi vart spurde om å bevare Knud Knudsen-arkivet. Seinare har andre vendt seg til SINDARK med spørsmål om deponering av lagsarkiv frå Ullensvang Aust, og no seinast brev og dagbøker etter stortingsmennene på Aga. Etter tre år har senteret begynt å finna ei form som eit arkivsenter med hovudfokus på industriarkiv, men med ein seksjon for lokalarkiv for regionen. Dette kan løysa utfordringar med at NVIM sine arkivmagasin er fulle, og at Hardanger og Voss museum ikkje har arkivmagasin i det heile. Kjernen i SINDARK skal vera industriarkiv. Eit Hardanger-arkiv som ei underavdeling kan vera ei felles satsing mellom kommunane og musea i regionen, i nært samarbeid med Fylkesarkivet.

Etter tre års arbeid med SINDARK har vi gjort desse erfaringane:

- Betalingsviljen og/eller betalingsevnen er liten i industriverksemdene
- Det vil bli lettare å få industriverksemdar med på eit spleiselag, om det ligg faste offentlege midlar som fundament
- SINDARK treng fleire bein å stå på – arkivtilfanget må aukast til å omfatta ulike typar privatarkiv i regionen
- SINDARK må tilby arkivtenester til institusjonar som til dømes Hardanger og Voss museum

- SINDARK må integrerast med NVIM sine arkivoppgåver, spesielt med dokumentasjonsoppdrag
- NVIM må, saman med Odda kommune og Hordaland fylkeskommune, arbeida mot statlege styresmakter for å sikra ei årleg driftsstøtte på minimum ei halv stilling
- For å sikra at viktig samfunnsdokumentasjon ikkje går tapt, er det viktig å arbeida lokalt, regionalt og nasjonalt.


Søknad om utviding av prosjektperioden vart send til Odda kommune 17.06.2016.

NVIM ønskjer med dette å takka for oppdraget med eit svært spanande prosjekt for Odda kommune, og ser fram til å gå vidare med samarbeid om SINDARK.

Odda den 30.09.2016

Siri Jordal

Prosjektleder for SINDARK



004-Tr.21.Fordelingsstasjon karbid. Alby. 1907 – den fyrste kjende teikninga av Trafostasjonen